

Referat frå foreldremøte for 3. klasse ved Myking skule

Tysdag 18. september 2018 kl. 18

Første del av møtet var foreldra i 3. og 4. klasse saman.

Saker:

- Litt om utviklinga i 8 – 10 års alderen. Delte ut ark som vart gjennomgått.
- Informasjon om faga klassane har sama. Bodil og Irene orienterte med utgangspunkt i halvårsplan som også vart delt ut på møtet.
- Praktiske ting: Ordensreglement; er å finna på skulen si heimeside. Alle foreldre skal vera kjend med desse. Mobilbruk i skuletida; Me har mobilfri skule. Dersom foreldre ynskjer å nå born som går heim frå skulen åleine eller er heime åleine etter skuletid, kan mobilen vera i sekken, men avslått i skuletida. Klede i gymmen; kleskifte og dusjing kjem først i 5. klasse, fordi dette tar lang tid i dei minste klassane. Bursdagsinvitasjonar; Skulen ynskjer at heile klassen vert invitert eller alle jenter/gutar. Dette for at ingen skal kjenna seg utanfor. Helsesøsterteneste; Susane Rebnor er no kome tilbake. Ho er sjukemeldt nokre veker framover. Etter det vert ho å treffa annankvar måndag på skulen. I 3. klasse kjem ho og snakkar om sunn mat og stell av kroppen. Ho vil også læra borna teknikken om «raude og grøne» tankar. Matpakka; Me gjekk gjennom Helsedirektoratet sine anbefalingar om kva ei nistepakke skal innehalda. Me samtalte rundt dette og det kom fram at foreldra ynskjer ikkje at nokon skal kommentera borna sine nister, om dei er sunne eller ikkje. Foreldra må sjølv kunna vurdera kva niste borna deira treng.

Saker når klassane er kvar for seg:

Informasjon om norsk, matte og engelsk. Kva er dei viktige satsingsområda framover?

Norsk: Me hentar mål frå Kunnskapsløftet. Måla er nedfelt i desse tre arbeidsområda våre:

- **Læreverket Zeppelin**
- **Mappene; Eg kan arka**
- **Nasjonal prøve**

Læreverket; Zeppelin og Språkboka Ark med mål vart delt ut.

Mappene: Me ser på **måla i mappa** for dette året. Skrive rett 100 høgfrequente ord, vokalar, diftongar, ordklassar, oppbygging av ein enkel historie, bokstavforming, framføra ein tekst for andre. Ordklassar,(verb, substantiv,adjektiv) Arbeid med mappene gjer at me jobbar målretta. Treng ikkje jaga gjennom alt stoffet i bøkene, berre for å ha gjort det.

Nasjonale kartleggingar: Me såg på kva som vert forventa å kunna i løpet av året.

Matte:

Sjå oversikt i årsplanen. Me lærer titalssystemet; einarplass, tiarplass og hundraplass. Me skal kunna forskjell på tal og siffer. Tiaroverganger.m.m.

Me vår innfører ganging.

Endå drillar me reknestykkjer som er lure å kunna. Når me reknar med tresifra tal med tiar/hundrar overgang og mentetal, må noko kunna gå automatikk i.

Engelsk:

Jobbar med Stairs. Alfabetet, rekkjeteljing. Tala mellom 10- 20. Sjå halvårsplanen..

Arbeidsplan: Me samtalte om denne og hensikten med lekser. Me tenkjer at planen er grei slik den er no. Lærer legg inn engelsklekse i periodar i stedefor Multi smart øving.

Skulebussen: Det er misnøye med skuleskyssen. Det har vore fleire uheldige episodar etter at Nettbuss overtok. Foreldre vert oppmoda om å kontakta skulen same dag som dei opplever noko som skulle vore rapportert. Rektor tek då kontakt med selskapet med ein gong.

Takk for kjekt møte!

Myking, 18. september 2018

Bodil Vabø